

FEISTEIN

Feisteinen har tidlegare vore lite tilgjengeleg for folk flest. Fyret er nå leigd av Klepp kommune. Ein kan overnatta i fyrmesterbustaden eller dra ut på dagstur. Kontakt kommunen for overnatting (tlf 51429800). Treng du båtskyss ut frå Sele hamn, ring tlf 95139316.



JAKT

Dei store vatna i kommunen gir gjess og ender gode forhold. Jakt på andefugl er derfor den mest utbreidde jaktforma i kommunen. Det er lite organisert jakt i Klepp. Kontakt grunneigar dersom du er interessert i jakt på andefugl, småvilt eller rådyr.



FISKE

Dei store vatna i kommunen er rike på fisk. I første rekke er dette sik og lagesild, men vatna inneheld også aure av god kvalitet. Kontakt grunneigar for løyve til fiske. Ved Frøylandsvatnet er det på enkelte strekningar fritt fiske (sjå kart på opplysningstavler ved vatnet).

Figgjoelva er blant dei beste lakselvane i landet. Enkelte grunneigarar sel fiskekort direkte. Elles er fiskekortsalet organisert gjennom lokale sportsbutikkar.

Ønskjer du å delta på organiserte turar med naturlos, så har Stavanger Turistforening eige program for dette. Her finn du turar både i Klepp og Rogaland elles. Ta kontakt på telefon 51 84 02 00 eller sjå www.stavanger-turistforening.no for nærare informasjon.

Vis naturvett når du ferdast ute. Ta med søppel heim. Ha respekt for andre sin eigedom.

 **KLEPP KOMMUNE**
Solaveien 1 - 4352 Kleppe
Tlf. 51 42 98 00
E-post: postmottak@klepp.kommune.no

For informasjon med større tekst, ta kontakt på adressen over, eller sjå www.klepp.kommune.no

SYKKELTURAR

Det flate landskapet i Klepp gjer kommunen godt eigna til rolege sykkelturnar. Her er nokre forslag:

NORDSJØSYKKELVEGEN

Nordsjølanda har gått saman om ein samanhengande sykkelveg gjennom landa. Ein bit av denne går gjennom Klepp. Frå Hå grense på Rv 507 går sykkelvegen på austsida av Orrevatnet. Sykkelvegen går vidare forbi Bore bru langs Rv 510 til Sola grense. Sykkelvegen er merka.

FRØYLANDSVATNET RUNDT


Frøylandsvatnet rundt er ein fin tur på sykkel gjennom vekslende landskap. Alternativt kan ein sykla frå Orstad i nord til Tu og tilbake på Postvegen, ein gamal ferdselsveg som vil gje utsyn både over jærlandskapet og over fleire kulturminne langs vegen. Ta gjerne turen til Tinghaug og Krosshaug. Her får du innføring i Klepp si eldre historie og eit flott utsyn over kommunen.



 **KLEPP KOMMUNE**

 **LA 21**
Aktiv og trygg i Klepp

VERD Å SJÅ
FRILUFTSLIV



Landskapet i Klepp er prega av jordbruk, store innsjøar og ein verhard kyst. Sommar som vinter eignar natur- og kulturlandskapet seg til ein tur ut i det fri. Ein tur til fots eller på sykkel er ikkje den store fysiske utfordringa. Det flate landskapet innbyr meir til rolege turar der du kan nytta natur og kultur langs ruta.

ØKSNAVAD
På nedre Øksnavad er det opparbeidd ein flott tursti gjennom skog, kulturlandskap og ved Figgjoelva. Langs stien kan du studera dyrelivet i Øksnavadtjørna frå fugletårn, ta ein kikk på korleis jærbuen budde i steinalderen og ta matpause på rasteplass ved Figgjoelva. Stien er lagt til rette av Øksnevad vidaregåande skole. Parkering på skulen sitt område. Delar av stien eignar seg ikkje for sykkel, barnevogn og rullestol.

FRØYLANDSVATNET
Aust i kommunen ligg Frøylandsvatnet. Langs vatnet er det på Kleppsida bygt om lag 7 km turveg. Vegen går gjennom eit variert landskap, frå ope, jærsk beitelandskap til tett granskog. Området langs vatnet har ein frodig vegetasjon og eit rikt fugleliv. I delar av vatnet er det fritt fiske med stang, sjå oppslagstavler. Turen langs vatnet, kortare eller lenger etappar, er godt eigna for alle befolkningsgrupper heile året. Er det ønskeleg med ein lenger tur kan ein gå eller sykla rundt vatnet. Turen blir då om lag 2 mil lang. Turen kan starta fleire plassar langs vatnet, men det er best lagt til rette for parkering ved Klepp stasjon. Du kan også lett koma til området med tog.

KLEPPELUNDEN OG KLEPPEVARDEN
"Loen" ligg som ein lun oase i den opne Kleppnaturen. Sørvendte lier gir ein svært tidleg vår med blømande kusymre og vårkål, saman med utplanta laukvekstar. Kleppelunden er godt tilrettelagt med turvegnett og lysløype for alle grupper. Parkering ved inngangen til område. Toalettanlegg og scene i området. Vil ein forlenga turen kan ein gå over Hålandsfjellet eller opp på Kleppevarden. Begge toppane er gode utsiktspunkt over Jæren. Frå Kleppevarden har ein storslått utsyn over Jæren og mot fjella i aust. Kleppevarden blei utnemnt til "tusenårsplassen" i Klepp. Parkering ved innkjøring til Kjengaren.

SALTESKOGEN
Dei ytre områda av kommunen er opne og vindutsette. På vêrharde dagar kan ein tur i Salteskogen gi ein pause frå vinden. Orrebuen har på dugnad bygt om lag 2 km turveg med lys i den tette planteskogen. Parkering ved fv 257 på nordsida av skogen.

KALBERGSKOGEN
På Orstad i grensa mot Time kommune ligg Kalbergskogen. I skogen er det opparbeidd fleire turvegtraséar, hovudsakleg på Timesida. Delar av turvegen er tilgjengeleg med barnevogn og sykkel.

STRANDOMRÅDA
Heile kyststripa i Klepp frå grensa mot Sola i nord til grensa mot Hå i sør er eit framifrå turmål. Her kan du variera mellom rullesteinstrand og sandstrand. Områda inneheld eit særmerkt plante- og dyreliv. Ein skal derfor ferdast med varsemd og i størst mogleg grad halda seg på strandflata og unngå dei sårbare sanddyneområda. Strandområda er i liten grad lagt til rette for funksjonshemma.

SELE
På Sele, frå hengebrua over Figgjoelva til kommunegrensa mot Sola, kan du gå langs rullesteinstrand og sjå ut mot Feistein fyr og storhavet. God parkering ved Sele hamn.

BORE
Sandstranda på Bore er ei av dei flottaste i landet. På varme sommar dagar er det eit yrande liv av badande og solhungerige på stranda. Vinterstid er det brettsegjarane som leiker seg i bølgene. Det er toalett og kiosk nær stranda. Parkering er skilta.

REVE
Mellom sandstrendene på Bore og Orre ligg Reve. Strandsona her er dominert av ein markert strandvoll og vekslande sand- og rullestein. Området er kjent for sitt rike fugleliv. Avgrensa parkering i Reve hamn.

ORRE
Orrestranda er den lengste sandstranda i Norge. Sanden, lyset og vegetasjonen har gjort Orrestranda til eit av dei mest besøkte turmåla i Jærregionen. I bakdynelandskapet har Jæren Friluftsråd bygt Friluftshuset. Her er det utstilling frå jærnaturen i flotte lokale. Det er toalett og sal av mat. Parkering ved Friluftshuset.

SKEIE - VIK
Kyststripa mellom Skeie og Vik er mindre brukt til friluftsliv. Likevel har strekinga kvalitetar som er verd ein tur. Rikt fugleliv og rullesteinstrand mellom dyrka mark og hav gir område ein særegen karakter.